



## VOSSKULTURRÅD

*Dei tre hovudoppgåvene til Voss kulturråd er å styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i Voss herad, vera eit felles talerøyr for det frivillige kulturlivet, og å arbeida for å betra rammevilkåra for det frivillige kulturarbeidet i heradet.*

### ÅRSMELDING 2019

Styret i Voss kulturråd var i meldingsåret samansett slik:

Styreleiar:	Valborg Kløve-Graue
Styremedlem:	Peder Ringdal Anne Arneberg Eva Branstveit Kjerland Alexander Aga Røynstrand
Varafolk:	Laila Rynning Veum Grete Skarpeid
Valkomit�:	Bridget Penny �ystein Dahl Ragnhild Blikberg
Revisor:	Margunn Blikberg Nordg�rd

Voss kulturr d har for tida 42 medlemslag og -organisasjonar.



## KULTURRÅDET SITT ARBEID I 2019

Styret har i meldingsåret hatt seks ordinære møte, inkludert det årlege fellesmøtet med Voss musikkråd.

Delar av styret hadde 14. februar 2019 eit presentasjonsmøte med Trude Letnes. Kulturkalenderredaksjonen hatt fire møte.

**Voss kulturkalender** vart lansert på Voss kulturråd sitt årsmøte i 2018 og fungerer godt både som planleggingsreiskap og arrangementsoversikt.

Kalenderredaksjonen har i 2019 bestått av systemutviklar Terje Nesthus, Thor Morten Trå (Voss kommune), Ida Dyrkorn Heierland (Ole Bull Akademiet) og Anne Arneberg (Voss kulturråd).

### Gamlekinoen

Valborg Kløve-Graue og Peder Ringdal er Voss kulturråd sine representantar i arbeidsgruppa for oppussinga av Gamlekinoen. Gruppa har hatt seks møter dette året, og kinovestibylene er no ferdig oppussa, møblert og i bruk.

### Kulturplanen

Valborg Kløve-Graue representerer kulturrådet i nemda som skal revidera Kulturplanen. Det har ikkje vore aktivitet i denne nemda dette året.

### Elles

Voss kulturråd har gitt sine årlege tilrådingar i tildeling av kommunal kulturmidlar (mars og oktober), kulturstipend (mai) og kulturpris (desember).

Kulturstipendet 2019 gjekk til Vossa Rebels.

Kulturprisen 2019 gjekk til Jan Jøssang.

Rådet har òg engasjert seg i diskusjonen rundt plasseringa av monumentet Ridande Vossabrudlaup.

Valborg Kløve-Graue  
styreleiar

Eva Branstveit Kjerland  
styremedlem

Peder Ringdal  
styremedlem

Anne Arneberg  
styremedlem

Alexander Aga Røynstrand  
styremedlem